

Møteinnkalling

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre
Møtestad: Vossestølen Hotell, Oppheim på Vossestrand
Dato: 01.03.2017
Tidspunkt: 10:00 – 13:30

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 99499753 eller på e-post fmsfano@fylkesmannen.no. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvals-
saksnr

Innhald

Lukka

Arkiv-
saksnr

ST 6/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 7/17 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll

ST 8/17 Referatsaker

RS 1/17 Nærøyfjorden landskapsvernområde - høring av forslag om oppheving av vannscooterforskriften

RS 2/17 Nærøyfjorden landskapsvernområde - skjøtselsplan for Skogane - ferdig rapport

RS 3/17 Rapport - måling og registrering av bølgeerosjon i Nærøyfjorden

RS 4/17 Stølsheimen landskapsvernområde - høring av forslag om oppheving av vannscooterforskriften

ST 9/17 Delegerte saker

DS 1/17 Stalheim - utsiktsrydding, LVO

DS 2/17 Søknad om tillatelse til landing med helikopter vest for Flåmsdalen - Aurland og Voss kommune

DS 3/17 Søknad om køyring med motorisert beltemaskin til Stølen i Vasset



Arkivsaksnr: 2016/4042-0
Saksbehandler: Anbjørg Nornes
Dato: 02.02.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdeestyre	10/17	01.03.2017

Nærøyfjorden verneområdeestyre - fordeling av tiltaksmidler 2017

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdeestyre fordeler tiltaksmidler etter prioritert rekkefølge i tiltaksplanen for 2017.

Tiltak basert på tildelte tiltaksmidler	Samarbeidsaktørar	Kostnad 2017	Periode	Prioritet
Styvi - Holmo. Skjøtsel av kulturlandskap i samsvar med skjøtelsplan	Grunneigar	215 000	2017-2020	1
Stigen. Skjøtsel av kulturlandskap i samsvar med skjøtelsplan	Grunneigar	90 000	2017-2020	2
Skjøtsel og vedlikehald av stiar og kulturlandskap i samsvar med skjøtelsplanar i Dyrdal, Bakka, Nåli, Fresvik, Stokko, Nedbergo, postvegen	Grunneigarar, SNO	125 000	2017-2020	3
Restaurering av stiar, murar på postvegen, bakkemur på Salthella	Grunneigarar, SNO	60 000	2017-2020	4
Ubetring rasteplassar	SNO	10 000	2017	5
Sum		500 000		

Forvaltar kan samråd med styreleiar fordela tiltaksmidlane mellom prioriterte tiltak innan for budsjetramma.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Midlar til forvaltning av verneområde 2017. Tildelingsbrev frå Miljødirektoratet (lagt fram i møte)
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 2008

Miljødirektoratet tildeler midlar til drift av verneområdeestyret og tiltaksmidar til planlagde tiltak i 2017. Miljødirektoratet har sendt ein samla oversikt over tildelte midlar i 2017.

Tildelingsbrevet er ikkje sendt ut endå, men vert lagt fram i møte. Oversikten viser fylgjande tildeling til Nærøyfjorden verneområdeestyre:



Nærøfjorden verneområdestyre

Drift av styret: kr. 200 000.

Besøksstrategi: kr. 15 000.

Tiltaksmidler: kr. 500 000.

Verneområdestyre skal utarbeida fleirårige tiltaksplanar. Det overordna målet for forvaltning av verneområde er at verneformålet og verneverdiane skal ivaretakast. Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområde legg føringar for bruk av tiltaksmidler; «*Gjennomføring av konkrete, praktiske tiltak i verneområdene er en del av forvaltningen av verneområdene og skal samen med praktisering av verneforskriften og annet arbeid bidra til å oppnå disse målsettingene*». Verneområda skal forvaltast på ein måte som byggjer opp under verneformåla slik at verneverdiane ikkje vert reduserte eller vert øydelagde. Økosystema skal takast vare på for framtidige opplevingar og for verdiskaping i utmarkskommunane.

Styret søkte Miljødirektoratet om kr. 560 000 i tiltaksmidler. Kr. 50 000 til kunnskapsinnhenting i samband med besøksstrategi kjem inn under budsjett for drift av styret. Nærøfjorden verneområdestyre la fram fylgjande tiltaksplan for 2017 i sak 31/16, 02.12.2016.

Tiltak basert på tildelte tiltaksmidler	Samarbeidsaktørar	Kostnad 2017	Periode	Prioritet
Styvi - Holmo. Skjøtsel av kulturlandskap i samsvar med skjøtelsplan	Grunneigar	215 000	2017-2020	1
Stigen. Skjøtsel av kulturlandskap i samsvar med skjøtelsplan	Grunneigar	90 000	2017-2020	2
Skjøtsel og vedlikehald av stiar og kulturlandskap i samsvar med skjøtelsplanar i Dyrdal, Bakka, Nåli, Fresvik, Stokko, Nedbergo, postvegen	Grunneigarar, SNO	135 000	2017-2020	3
Restaurering av stiar, murar på postvegen, bakkemur på Salthella	Grunneigarar, SNO	100 000	2017-2020	4
Steinmur og torvtak på Skogastova, ferdigstilling	Grunneigar, SNO	10 000	2017	5
Besøksstrategi, informasjonstiltak i verneområda. Merking av stiar, rasteplassar	SNO, Verdsarvparken	60 000	2017	6
Sum		610 000		

Vurdering

Forvaltar rår til at tiltaksmidlane vert fordelt på tiltak i tråd med prioritert rekkefylgje av tiltaka i sak 31/16 i Nærøfjorden verneområdestyre. Det er tildelt kr. 60 000 mindre i tiltaksmidler enn omsøkt. Forvaltar rår til at det vert brukt mindre midlar på restaurering av stiar og murar dette året. Torvtaket på Skogastova vert ferdigstilt med tiltaksmidler frå 2016.

Det må skrivast avtale med grunneigarar om skjøtsel i landskapsvernområde i tråd med godkjente skjøtelsplanar. Forvaltar gjer avtale med grunneigarar om kva arbeid som skal utførast, og SNO fylgjer opp skjøtelsarbeidet i felt.



På bakgrunn av erfaring med tiltak tidlegare år, vert det i løpet av året endringar på kva tiltak som vert gjennomført og kostnadane med tiltaka. Forvaltar rår til at forvaltar i samråd med styreleiar kan fordela tiltaksmidlane mellom prioriterte tiltak og innan for budsjettamma.



Arkivsaksnr: 2013/3025-0
Saksbehandler: Anbjørg Nornes
Dato: 02.02.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	11/17	01.03.2017

Godkjenning av prosjektplan for besøksstrategi for verneområde i Nærøyfjordområdet

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre godkjenner Prosjektplan for besøksstrategi for verneområde i Nærøyfjordområdet, versjon 01.03.2017.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder, Miljødirektoratet M-415/2015
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, Rapport nr. 1 – 2008
- Prosjektplan for besøksstrategi for verneområda i Nærøyfjordområdet, versjon 01.03.2017
- Referat frå møte om besøksstrategi i verneområde i Nærøyfjorden, 18.01.2017

Klima- og miljødepartementet har sett som krav at alle verneområde i Norge skal ha utarbeid besøksstrategi for område innan 2020. Miljødirektoratet har utarbeid ein rettleiar for besøksforvaltning i norske verneområde. I rettleiaren er det sagt korleis forvaltningsmyndigheita skal bruka besøksforvaltning som verktøy i ein strategisk og god forvaltning av verneområda for at opplevinga for dei besøkjande og den lokale verdiskapinga skal verta størst mogleg, samtidig som forståinga for vernet aukar og verneverdiane vert ivaretatt.

I fylgje vedtektene til verneområdestyret, skal styret utarbeida besøksstrategi for verneområda som del av forvaltningsplanen, eller som vedlegg til forvaltningsplanen.


Verneområdestyret vedtok oppstart av besøksstrategi i styremøte 2. desember 2016. Før prosjektplanen vart tatt opp til vurdering og godkjenning, ville styret invitera alle aktuelle aktørar i arbeidet med besøksstrategi til eit møte. Møtet vart halde 18. januar 2017 i kommunestyresalen i Aurland. Til møtet var det invitert representantar frå verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap, Nærøyfjorden verdsarvpark, kommunane Aurland, Vik, Lærdal, Voss, fylkeskommunane Hordaland og Sogn og fjordane. Dei ulike aktørane vart bedt om å



Nærøfjorden verneområdestyre

leggja fram planar med planstatus som kunne vera relevante for besøksstrategien i verneområda. Alle kommunane la fram liste over planar i kommunen. Ingen av kommunane la fram planar med konkrete tiltak i verneområdet, men sti- og løypeplanar er under planlegging i fleire av kommunane, og i Vik er dei i gang med kartlegging av viktige friluftsområde. Det er godkjent ein interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde. Både denne planen og Regional plan for Nordfjella villreinområde vil vera viktige som kunnskapsgrunnlag i planlegging av bruk av området.

Nærøfjorden verdsarvpark har planar om verdsarvhus i fleire av grendene. Verdsarvhusa skal vera formidlingssenter for verdsarven og verdsarvverdiane. Det er i tillegg planar om toalettanlegg i same bygga. I Aurland sentrum, på Stalheim på Voss og i Lærdal vert det arbeid med planar om innfallsport til verdsarvområdet. Ytre grense for verneområda i Nærøfjordområdet og verdsarvområdet delområde Nærøfjorden er om lag samanfallande. Eit av unntaka er indre del av Aurlandsfjorden som er verdsarvområde men ikkje i verneområdet. Sjå kart under med grense for dei 5 verneområda.



Vernegrense for verneområde i Nærøfjordområdet. Utklipp frå Fylkesatlas



Vurdering

Besøksstrategien skal vera eit viktig forvaltningsverktøy for verneområdestyret. Skal besøksstrategien verta eit godt verktøyet, må det vera ein god prosess med brei involvering av brukargrupper og kommunane. Diskusjonen på møtet 18. januar understreka kor viktig det er å samordna aktivitet som er under planlegging. Det er ei nasjonal målsetjing at verneområda skal leggjast til rette for auka besøk, auka lokal verdiskaping og samstundes ta vare på verneverdiane. Samanstilling av tilgjengeleg kunnskap om natur- og kulturverdiane vil difor vera svært viktig før det vert sett på kva aktivitet som kan utførast i kva område. I arbeidet med besøksstrategien må denne kunnskapen formidlast til både kommunane, næringslivet og lokalbefolkninga.

Forvaltningsplanen for Nærøfjorden er eit viktig grunnlagsdokument i arbeidet med besøksstrategien. I planprosessen er det diskutert utfordringar og framlegg til tiltak som vil vera viktig å ta med i vidare vurdering i besøksforvaltninga. Det har skjedd ein del endringar i bruken av området, både når det gjeld næringsaktivitet og besøkstal sidan planen vart godkjend i 2008. Nærøfjorden landskapsvernområde med Nærøfjorden er eit området med stor næringsaktivitet og mange besøkjande, og er det området med størst press på natur- og kulturverdiane. Verneområdestyret har starta opp arbeidet med sårbarheitsanalyse i 2016, og har samla inn kunnskap om erosjon langs strendene i Nærøfjorden og Stokko i Aurlandsfjorden. Kartlegging av erosjon i fartsreguleringssona i Nærøfjorden, som er planlagt utført i år, vil gje endå betre kunnskap om kva verknad bølger har på strandsona.

For å få ein god besøksforvaltning, må verneområda sjåast i samanheng med områda rundt verneområda. Det er difor viktig med godt samarbeid med forvaltningsmyndigheitene utanfor verneområda. Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap har starta opp arbeidet med ein besøksforvaltningsplan som ein samfunnsplan i kommunane med areal i verdsarvområdet med innfallsporatar. Prosessen med besøksstrategi bør ha tett samarbeid med dette prosjektet for å få ein god og heilskapleg besøksforvaltning for både verneområde og verdsarvområdet. Med godt samarbeid vil me få godt utbytte av at desse to prosjekta går samtidig. Det er innhenta mykje god kunnskap i dette prosjektet gjennom gjesteundersøking, verdiskaping frå ulike typar reiseliv på stadnivå, ressurskartlegging i bygdamøte, landskapsanalyse og samhandling med lokal og regional forvaltning.

På bakgrunn av innspel frå møtet 18. januar, vert det lagt fram nytt utkast til prosjektplan. Planen set mål for arbeidet med besøksstrategien, framdriftsplan, tiltaksplan og budsjett for arbeidet. Besøksstrategien skal vera klar for godkjenning i slutten av 2018. Dette vil vera ein fyrstegenerasjon av besøksstrategien, og den bør reviderast med jamne mellomrom. I denne prosjektplanen er det lagt vekt på å få ein god oversikt over kunnskapsgrunnlaget og aktiviteten som er i området. Data som vert samanstillt skal leggjast inn i kart, og kunne presenterast som eit diskusjonsgrunnlag i møte med interessegruppene. Prosessen med besøksstrategi skal enda opp med ein tiltaksplan som flest mogleg kan slutte seg til. Formidlingsplan med tilrettelegging av informasjonssenter bør vera med som eit av tiltaka i tiltaksplanen.



Arkivsaksnr: 2017/212-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 02.02.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	12/17	01.03.2017

Nærøyfjorden landskapsvernområde - vedlikehald av stølshus på Hjølmo, og motorferdsel i samband med arbeidet

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Bjørg og Gunnstein Ohnstad løyve til å ta ned og sette opp att stølshuset på gnr. 67 bnr. 5 på Hjølmo i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det kan gravast dreneringsgrøft rundt grunnmuren for å leia vatn vekk frå muren. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3 c). Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Arbeidet med istandsetjing skal ikkje føra til vesentlege endringar av fasaden på bygget. Opphavleg materiale skal takast vare på og nyttast opp att så langt som mogleg. Taket skal tekkast med torv eller tradisjonelle bølgeblekkplater. Ny kledning og lister skal ha same utforming som det som er på bygget i dag.
- Vindauge og dør som vert skifta ut skal ha same utforming som dei opphavlege vindauga og døra i bygget.
- Dreneringsgrøft skal avgrensast til det som er naudsynt for å leia vatn vekk frå grunnmuren. Torv og vegetasjon skal takast vare på og nyttast til tildekking etter avslutta arbeid.
- Torv til takteking kan hentast frå terrenget i nærleiken av stølen.
- Dersom det vert planlagt endringar av godkjente planar, skal styret vurdere om eventuelle endringar krev ny godkjenning.
- Rapport med bilde av tiltaket skal sendast til sekretariatet når arbeidet er slutført.
- Dersom arbeidet ikkje har starta opp innan 3 år frå vedtaksdato, må det søkjast om nytt løyve til tiltaket.

Motorisert ferdsl i samband med tiltaket

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Bjørg og Gunnstein Ohnstad løyve til å bruke gravemaskin på stølen i samband med vedlikehaldsarbeid på stølshuset. Det kan køyrast med traktor på stien frå landbruksvegen og opp til stølshuset på Hjølmo for frakt av materiale og utstyr. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:



- Traktor og gravemaskin kan nyttast i perioden frå og med 2. mai til 1. november 2017.
- Køyring med traktor skal avgrensast til det som er naudsynt for frakt av materiale og utstyr, og arbeidet skal planleggast godt for å få færrest mogleg turar.
- Graving skal avgrensast til det som er naudsynt for å flytta stølshuset, setja i stand grunnmuren og leia vatn vekk frå muren.
- For å avgrensa køyreskadar, skal det ikkje køyrast i periodar med mykje nedbør.

Dette løyvet gjeld berre tilhøve etter verneforskrifta. Søkjar må ta kontakt med Aurland kommune med spørsmål om løyve etter anna lovverk.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Bjørg og Gunnstein Ohnstad om løyve til vedlikehald av stølshuset på Hjølmo og motorferdsel i samband med arbeidet, 12.01.207

-

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Nærøfjorden, rapport nr. 1 – 2008
- Skjøtselsplan for stølen Hjølmo og gamlevegen i Dyrdal, Aurland Naturverkstad rapport 13-2006.

Stølshuset til Bjørg og Gunnstein Ohnstad er i bra stand, men murane under bygget er i dårleg stand. Dei søkjer om å få flytte tømmerkassa på stølshuset frå murane medan dei set i stand murane. Muren skal murast opp att med leca-stein. Denne muren vert forblenda med stein frå dei gamle murane. Etter muren er ferdig, skal bygget flyttast tilbake på muren. Dei skal nytta gravemaskin til å flytte bygget.

Taket er i dårleg stand, og må skiftast. Dei planlegg å leggja nye bølgeblikkplater eller torvtak, og leggja isolasjon i taket. Taket skal ha same takvinkel. Dersom dei vel torvtak, vil bygget verta 10-15 cm høgare enn i dag.

Utvendig kledning på stølshuset vert riven. Bygget vert kledd opp att med same type kledning som er der i dag. Vindauge vert skifta ut med nye vindage med same storleik. Etter vedlikehaldsarbeidet er ferdig, skal stølshuset ha same breidde og lengde som i dag.

Lovgrunnlaget

Føremålet i Nærøfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2:

«Føremålet med Nærøfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter». Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode. Vanleg vedlikehald som ikkje fører til vesentlege fasadeendringar på bygningar kan gjennomførast utan søknad. Påbygging, ombygging eller



riving av bygningar og anlegg er søknadspliktig jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c).
«Påbygging og ombygging skal vera tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk».

«Motorferdsle på land og i vatn/vassdrag er forbode, likeeins lågtflyging under 300 meter og landing» jf. § 3 pkt. 2.1. I verneforskrifta er det ikkje opna for å gje løyve til motorferdsel i utmark på bar mark. Søknaden kan vurderast etter naturmangfaldlova § 48 1. ledd fyrste alternativ som seier at verneområdestyret kan «gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig..».

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.


Vurdering

Stølslandskapa med bygningar og stølsvollar er viktige verneverdiar i Nærøyfjorden landskapsvernområde, og er ein del av verneføremålet. I forvaltningsplan for Nærøyfjorden er det peika på at stølsdrifta har vore avgjerande for levemåten på gardane i tidlegare tider. Stølsdrifta har vore med å forme landskapet. Hjølmo er ein av stølane til gardane i Dyrdal og på Styvi. Dei fleste stølshusa er vedlikehaldne, og stølen vert nytta i både landbruksdrift og til fritidsbruk. Istandsetjing av stølshuset på Hjølmo er eit positivt tiltak som vil føra til at stølsmiljøet med bygningar vert tatt vare på, og er i tråd med verneføremålet. Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden, skjøtselsplan for Hjølmo og Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden (2014). Det er ingen kjente førekomstar av trua artar eller naturtypar på Hjølmo som vil verta påverka av tiltaket (Naturbase 06.02.2017). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet i nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i denne saka.

Den samla belastninga på økosystemet skal vurderast ved søknad om tiltak jf. nml. § 10. Tiltaket vil i liten grad føra til nye inngrep i landskapet. Dreneringsgrøfta vil i liten grad gje endringar på landskapet. Frå gammalt av vart torv til takteking henta frå nærområdet. Dette vil gje eit lite inngrep i landskapet og vil lite truleg føra til belastning på økosystemet i området. Forvaltar vurderer den samla belastninga av tiltaket som liten.



Bilde viser murane på nedsida av stølshuset. Foto Anbjørg Nornes



Oversida av stølshuset. Foto Anbjørg Nornes

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til straks å melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved kulturavdelinga dersom det under arbeid vert støytt på automatisk freda kulturminne jf. lov om kulturminne § 8 2. ledd.


I planane som er lagt fram for stølshuset, vil ikkje arbeidet føra til vesentlege endringar av stølshuset utvendig. Vedlikehaldsarbeidet på bygget er planlagt utført etter tradisjonell byggeskikk og med tradisjonelle materialar. Grunnmur skal reparerast med betong og leca-stein innvending. Muring med leca-stein bryt med gamal tradisjonell byggeskikk, men søkjar meiner dette er ein bra metode for å sikre grunnmuren på dette bygget. Mur av betong som er forblenda med gråsteinsmur har vorte godkjent ved vedlikehaldsarbeid i nokre saker tidelgare i verneområdet. Det er avgjerande å få sett i stand grunnmuren for å sikre stølshuset. Forvaltar vurderer at den planlagt arbeidsmetode ikkje vil skada naturmiljøet jf. nml. § 12, men muren må forblendast med stein frå den gamle muren for at det ikkje skal verta vesentleg endringar på fasaden på bygget. Nml. § 11 er ikkje vurdert i denne saka då det er lite sannsynleg at tiltaket vil føre til skade på naturverdiane.

Vurdering av motorferdsel

Økosystemtilnærming og samla belastning på verneområdet skal vurderast jf. naturmangfaldlova § 10. Det er motorisert ferdsle på landsbruksvegen opp til brua nedanfor stølen på Hjølmo. Gravemaskin og traktor skal køyrast frå endepunkt på landbruksvegen og opp til stølshusa. Landbruksvingen stoppar ved elva nedanfor stølen. Det er om lag 180 meter sti opp til stølen. Forvaltar meiner denne køyringa er innanfor det ein kan rekna som akseptabelt i området. Det er viktig at løyveinnehavaren planlegg arbeidet på ein slik måte at køyringa fører til minst mogleg skade på terrenget. Det bør ikkje køyrast i periodar med mykje nedbør for å hindra køyreskadar i terrenget. Køyringa og gravearbeidet skal avgrensast til det som er naudsynt. Dreneringsgrøftene skal ikkje gravast lenger enn naudsynt for å få vatnet vekk frå grunnmuren. Den samla belastninga på området av motorferdsle i denne delen av Nærøfjorden landskapsvernområde vert vurdert til og vera på



eit akseptabelt nivå. Køyringa på stien og dreneringsgrøft vil ikkje medføra særleg miljøforringingar, og § 11 i naturmangfaldlova er difor ikkje vurdert i denne saka.



Utklipp frå Fylkesatlas. Transportveg frå landbruksveg til stølen.

Gravemaskina og traktor skal køyrast langs stien som har vore nytta til transport tidlegare, og det vil verta lite køyreskadar i terrenget. Det er vanskeleg å fastsetja tal turar det er bruk for i samband med transport av materiale og utstyr til stølshuset, men køyringa må avgrensast til naudsynt transport. Forvaltar vurderer køyring med gravemaskin og traktor som naudsynt for å få gjennomført vedlikehaldsarbeidet. Forvaltar meiner bruk av gravemaskin til vedlikehaldsarbeidet er forsvarleg med dei vilkår som er sett, og vurderer det til og vera ein miljøforsvarleg metode jf. naturmangfaldlova § 12. Forvaltar meiner motorferdsla til føremålet i søknaden kan vurderast etter naturmangfaldlova § 48. Køyringa er vurdert til i liten grad å påverka verneverdiane, og køyring er avgrensa til nyttekøyring i tilknytning til vedlikehaldsarbeidet. Transporten er vurdert til ikkje å vera i strid med verneformålet.



Arkivsaksnr: 2017/449-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 06.02.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	13/17	01.03.2017

Nærøyfjorden landskapsvernområde - kulturtavler i Undredal og Hovdungo

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Nærøyfjorden verdsarvpark løyve til å setja opp kulturtavler på Kristenhaugen og på Hovdungo i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Kulturtavla på Kristenhaugen skal plasserast ved stien på Kristenhaugen. Kulturtavla på Hovdungo skal plasserast i utkant av stølen og ved stien på nedsida av stølen. Tavlene kan ha ein storleik på inntil 50 cm x 70 cm. Skilta kan vera skråstilte, og kan ha ei høgde på inntil 100-150 cm.
- Tavlene skal ikkje kome i konflikt med kulturminne i området.
- Tavlene skal bytast ut med tavler med den nye merkevareprofilen for verneområde/verdsarvområde når det er fastsett.
- Verneområdestyret kan gje pålegg om å ta ned tavlene dersom omsynet til naturmiljøet tilseier det, eller det kjem nye føringar for formidling i verneområdet.
- Det kan setjast opp 2-3 vegvisarpiler mellom Undredal og Hovdungo. Skilta skal vera etter standard i merkehandboka.
- Det må gjerast avtale om oppsett av tavler med grunneigar/rettshavar på dei aktuelle stadane.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Nærøyfjorden verdsarvpark om løyve til å sette opp kulturtavler på Hovdungovegen, datert 25.01.2017

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008



Nærøyfjorden verdsarvpark søker å få sette opp to kulturtavler på kløvvegen (sti) mellom Undredal og Hovdungo. Disse plasseringane ligg inne i Nærøyfjorden landskapsvernområde. I tillegg skal det setjast opp ei tavle i starten av stien nede i Undredal. Verdsarvparken har inngått avtale med Anna Elise Borlaug om «Skjøtsel, tilrettelegging og merking av sti» for stien til Hovdungo. Tavlene er kulturtavler som inneheld informasjon om kulturhistorie og natur. Eine tavla skal setjast opp på Kristenhaugen, som er eit område med utmarksteigar og murar etter uteløer. Den andre tavla skal setjast opp på stølen Hovungo. I tillegg er det planar om å sette opp 2-3 retningskilt mellom Undredal og Hovdungo med km og piktogram som syner gradering.

Grunneigarar i Undredal har siste åra rydda, sikra og utbetra stien frå Undredal til Hovdungo. Nærøyfjorden verneområdestyre har godkjent arbeid med utbetring av stien, og sikring på to stader (sak 33/14, 16.12.2014). Fylkesmannen har tidlegare gjeve løyve til å setja opp vegvisarpiler på stien mellom Undredal, Hovungo og Stigen. Det skal berre setjast opp retningspilar.

Søklar skriv i søknaden at målet med utbetring av stien har vore at stien skal verta tryggare for innbyggjarar og tilreisande, og at stien skal verta ein større ressurs for næringslivet i bygda og regionen.

Kulturtavlene er utforma etter skiltmalen til Vestnorsk fjordlandskap. Skiltmalen er utarbeid i samarbeid med kommunane, fylkesmenn, riksantikvaren og Miljødirektoratet.

Planlagt utforming av tavlene; Mål A2 42 x 59,4 cm eller 50 x 70 cm. Materiale – utskiftbar skiltplate i aluminium eller akryl med trykk og pulverlakkerte aluminiumsstolpar. Skilta skal monterast med fjellfot. Høgda på skilta er 100-150 cm for skråstilte skilt.



Kulturtavlene. Kopi frå søknad

Lovgrunnlaget

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2:
«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein



vesentleg del av landskapets karakter». «Området er verna møt alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter» jf. § 3 punkt 1.1. Det er ikkje spesifiserte reglar i verneforskrifta om oppsett av informasjonstavler. Det må difor vurderast om søknaden kan behandlast etter den generelle dispensasjonsregelen i naturmangfaldslova § 48: «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensyn til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig».

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Grunneigarar og innbyggjarar i Undredal har abeid med vedlikehald og utbetring av stiar i området rundt Undredal. Stien til Hovdunga er i hovudsak innafor Nærøyfjorden landskapsvernområde. Grunneigarar og næringsdrivande i Undredal har ynskje om å kunne utvikla nye næringar med utgangspunkt i ressursane i natur- og kulturlandskapet. Det er blant anna gitt løyve til, og bygd ein gapahuk ovanfor Hovdunga som ledd i satsing på utvikling av nye reiselivstilbod. Verneområdeforvaltninga skal leggja til rette for besøkjande og for auka lokal verdiskaping i og i tilknytning til verneområde, samstundes som verneverdiane vert tatt vare på, jf. rettleiar for besøksforvaltning i norske verneområde (Miljødirektoratet M-415,2015). Tilrettelegging for auka besøk og lokal næringsutvikling i Undredal er såleis i tråd med dette satsingsområdet.

Oppsett av informasjonstavler inne i verneområdet er ikkje gitt opning for i verneforskrifta. I forvaltningsplanen er det likevel vurdert at det er trong for informasjonstavler under kapittel om informasjon. Det er tilrådd å sette opp informasjonstavler om verdsarvområdet ved viktige innfallsportar til verdsarvområdet, og ved tilkomst til verneområde frå båt i Nærøyfjorden. I tillegg er det tilrådd å sette opp informasjon på opne turisthytter og overnattingsstader i verneområdet. Alle desse informasjonstavlene er sett opp, med unntak på turisthyttene. Tavlene er utforma etter standard for verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap, med ein storleik på tavlene på 50 cm x 70 cm.

I rettleiinga for besøksforvaltning i verneområde, skal verneområdestyra utabeida besøksstrategi for verneområda. Det skal vurderast om det er område som er sårbare for ferdsel og ikkje bør til retteleggjast med auka ferdsel, og om det er område som treng meir tilrettelegging. Det skal i tillegg lagast strategi for formidling og informasjon for området. Arbeidet med besøksforvaltning er starta opp både i regi av verdsarvrådet, og av verneområdestyret. Det hadde difor vore det beste om oppsett av nye kulturtaler kunne venta til arbeidet med besøksstrategien og formidlingsplanen var komen godt i gang. Samtidig er det viktig å støtte opp under det lokale engasjementet, og ikkje sette alt på vent. Verneområdestyret har gjeve løyve til fleire tiltak for tilrettelegging for besøkjande i verneområdet i Undredal, og dette området er gjennom desse sakene vurdert som ein stad for auka tilrettelegging.

Kunnskapen om området (jf. nml. § 8) er henta frå Naturbasen (17.02.2017), forvaltningsplanen, tidlegare saker handsama av verneområdestyret, og synfaringar i



området. Det er ikkje kjente sårbare naturtypar eller artar som vil verta påverka av tiltaka. Kunnskapen vert vurdert som god for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

Informasjonstavler og skilting utover naudsynt merking av stien, er ikkje opning for i verneforskrifta. Forvaltninga må difor vurdere om tiltaka er i strid med verneføremålet. Stor auka i informasjonstavler inne i verneområdet kan vera med å gje ei dårlegare opplevinga av natur- og kulturlandskapet. På den andre sida kan informasjon om kulturminne gje ei auka oppleving for dei besøkjande. Det er difor viktig å ha ein god gjennomgang på kva område det er trong for og ynskjeleg med tilrettelegging med tavler i verneområdet. I dag er det berre enkle namneskilt som er sett opp på nokre stader langs stien mellom Undredal og Hovdungo. Forvaltningspraksis i dette området tilseier at det kan opnast opp for meir tilrettelegging for besøkjande. Kulturtavle på Kristenhaugen og på Hovdungo vil ikkje føra til stor auka belastning på naturverdiane jf. nml. § 10, og forvaltar meiner det er eit tiltak som kan gje auka oppleving for besøkjande. Med god plassering i landskapet, vil ikkje tavlene få stor verknad på landskapet.

I den nye merkevareprofilen for verneområde i Norge er det laga eigen profil for informasjonsmateriell som skal nyttast i verneområde. Nærøyfjorden er i tillegg eit verdsarvområde. Det er ikkje fastsett kva profil som skal nyttast i verdsarvområdet. I følgje opplysningar frå Miljødirektoratet, skal dette vera avklart før sommaren 2017. Tavlene som vert søkt om å få sette opp, er i tråd med gjeldande skiltmal for Vestnorsk Fjordlandskap. Tavla bør plasserast nær stien på Kristenhaugen, og ikkje i direkte kontakt med dei gamle murane etter uteløene. På Hovdungo bør tavla plasserast ved stien nedanfor stølsvollen. Ved denne plasseringa vil tavla vera mindre dominerande i landskapet, og den vil ikkje vera ein del av stølsvollen. Med tilrådd plassering av tavlene, og utforming i tråd med skiltmalen for Vestnorsk fjordlandskap, meiner forvaltar det er ein god miljøtilpassa plassering jf. nml. § 12. Gjennom arbeidet med besøksstrategien kan det koma nye føringar for skilting og formidling i verneområdet og verdsarvområdet. Forvaltar meiner difor det bør setjast vilkår om at tavlene skal fjernast dersom formidlingsplanen eller omsynet til naturverdiane tilseier det. Eventuelle kostander med fjerning av skilta vil verta pålagt tiltakshavar jf. nml. § 11.

På bakgrunn av vurderingar eller nml. §§ 8-12 meiner forvaltar oppsett av skilt på Kristenhaugen og Hovdungo ikkje vil vera i strid med verneføremålet. Informasjonstavlene er ein del av tilrettelegginga som er sett i gang i Undredal, og vil i liten grad gje presedens for skilting i resten av verneområdet. Forvaltar vurderer tiltaket til ikkje å vera i strid med verneføremålet og rår til at det vert gjeve løyve til tiltaka med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.